



Skulefritidsordninga er heimla i Opplæringslova § 13-7.

Kommunale vedtekter og eventuelle endringar gjeld etter vedtak i kommunestyret 11-02. 2014, sak K-008/14, og presisering i Formannskapet 29.04.2014, sak F-017/14.

§ 1 Eigartilhøve

Sund kommune er eigar av skulefritidsordningane. Eigar lagar vedtekter, opprettar og legg ned ordningar. Vidare er det kommunestyret som gjer vedtak om omfang av kommunal eigenandel og foreldrebetaling.

§ 2 Formål

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos borna. Skulefritidsordninga skal gje borna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma born skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne skal vera eigna for formålet.

§ 3 Styring

Sund kommune er ansvarleg for drift av skulefritidsordningane.

Rektor/einingsleiar er administrativt, økonomisk og fagleg ansvarleg for drift av den einskilde ordninga innanfor rammer som er sette av lov, forskrift, vedtekter og budsjett.

Det skal veljast foreldrerepresentantar på lik line med ei vanleg klasse. Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) skal då utvidast med ein representant frå skulefritidsordninga.

Samarbeidsutvalet er styre for skulefritidsordninga.

§ 4 Opptak

Kvar skulefritidsordning har eit opptaksutval sett saman av dagleg leiar av

skulefritidsordninga og rektor. Endeleg vedtak om opptak vert gjort av rektor. Det er klagerett etter Forvaltningslova § 28.

Barnet har plassen ut 4.klasse eller til plassen vert sagt opp.

§ 5 Opptakskriterium

Skulefritidsordningane er for born i 1. – 4.klasse. Born med særlege behov i 5. – 7.klasse kan og søkja om plass.

Dersom det er fleire søkjarar enn skulefritidsordninga har plass til, skal det ved opptak gjerast fylgjande prioriteringar:

- Born i 1. klasse
- Born med særlege behov
- Born av einslege forsyttarar som søker arbeid, er i arbeid eller er under utdanning.
- Minoritetsspråklege born

§ 6 Oppseiing / endring av plass

Dersom plassen til eit barn vert sagt opp eller endra i skuleåret, er det 1 månad skriftleg oppseiingstid, gjeldande frå den 15. i kvar månad.

Ved oppseiing eller endring av plass etter 15. april, må ein betale for SFO-plassen ut skuleåret.

Ved flytting frå kommunen gjeld oppseiingsregelen.

Ved flytting til ein annan skule i Sund, beheld barnet SFO-plassen på den nye skulen.

§ 7 Bemanning

Dagleg leiar skal ha pedagogisk utdanning eller utdanning som fagarbeidar i barne- og ungdomsarbeid. Dersom det er fleire enn 16 born i skulefritidsordninga, skal det vera ein dagleg leiar. Leiinga på mindre ordningar vert vurdert særskild.

Når talet på barn er:

- inntil 16 skal det vera ein fagarbeidar
- 17 – 27 skal det vera dagleg leiar og inntil 1 fagarbeidar / assistent.
- 28 – 39 skal det vera dagleg leiar og inntil 2 fagarbeidarar / assistentar
- 40 – 51 skal det vera dagleg leiar og inntil 3 fagarbeidarar / assistentar
- Skulefritidsordning med meir enn 52 vert vurdert særskilt, med utgangspunkt i bemanningsnorma over.

§ 8 Søknadsfrist

Søknadsfristen / hovudopptaket er sett til 15. mars og gjeld til plassen vert sagt opp. Nye søknader som kjem inn etter søknadsfristen, vert handsama etter kvart dei kjem inn. Det skal søkjast digitalt til den einskilde skule.

§ 9 Opningstid

Opningstid:

Heil plass: 07.00 – 08.30 og etter skuletid til kl. 16.30

Halv plass: Etter skuletid til 15.30

Morgonopning: 07.00 – 08:30

Etter skuletid til kl. 16.30

Opningstida følgjer skuleruta og SFO har ope 190 skuledagar.

SFO i feriane:

Haust- og vinterferie.

Sommarferie – inntil 2 veker etter at skulen tek ferie, og inntil 2 veker før skulestart.

Tilbodet vert lagt til Skogsvåg skule og er ope for born frå alle krinsane.

Påmelding til SFO i feriane skjer på eige skjema som ein får på eigen skule. Det kan og søkjast digitalt. Påmeldinga er bindande!

Det vert kravd ekstra foreldrebetaling for ferieopphald – beløpet vil gå fram av påmeldingsskjemaet.

Søknadsfristen til desse tilboda er ein månad før feriane.

§ 10 Foreldrebetaling

Betalingssatsane skal vera like i heile kommunen. Satsane vert fastsette av kommunestyret og gjeld frå 01.01. kvart år. Foreldra skal varslast skriftleg om endringane. Betalinga skjer ved forfall den 20. i kvar månad, og gjeld heile månaden sjølv om plassen ikkje vert nytta fullt ut.

- Foreldre får rekning kvar måned – 10 månader i skuleåret (f.o.m. august t.o.m. mai)
- Det vert gjeven søskenmoderasjon på 30 % for barn nr. 2 og 50 % for barn nr. 3 og fleire.
- Ved manglande betaling gjev dette grunnlag for oppseiing av plassen i skulefritidsordninga.
- Ved to månaders restanse vert plassen sagt opp, dersom det ikkje er gjort avtale om betaling.
- Ved nytt opptak i skulefritidsordninga, er det ein føresetnad for å få ny plass at ein ikkje har restanse til Sund kommune i SFO eller i barnehage ved oppstarten av SFO.
- Ved for sein henting av barnet, har ein rett til å krevja inn ekstra betaling etter satsar som vert sette av Sund kommune.
- Dersom ein i særlege høve har behov for kjøp av ekstra tid innanfor SFO si opningstid, kan ein søkje skulen om dette. Kjøp av tid kan ikkje bli gitt som fast ordning.

§ 11 Forsikring (Ny paragraf)

Borna har kollektiv ulukkesforsikring i den tida dei er i skulen/SFO, samt på direkte veg til og frå skulen/SFO. Skulen/SFO er ikkje erstatningspliktig for klede, sko, briller eller gjenstandar borna har med seg eller som vert borte/øydela i skule/SFO si opningstid

§ 12 Kommunal eigenandel

Sund kommune dekkjer alle utgifter til lokale, straum, reinhald og administrasjon. Kommunen dekkjer og meirutgifter som følgje av vedtak om søskenmoderasjon. Kommunen dekkjer og utgiftene til ekstra personale til born med særlege behov.

§ 13 Areal ute og inne

Lokala inne skal vera godkjende etter forskrift for Miljøretta helsevern i skular og barnehagar. Samarbeidsutvalet vurderer behovet for areal utifrå talet på born. Samarbeidsutvalet definerer uteområdet for ordninga. Det skal vera i samsvar med rammene som er sett i forskrifter for Helse, miljø og tryggleik.

§ 14 Tilsyn og kontroll

Fylkesmannen i Hordaland fører tilsyn med ordninga